



Utv.saksnr	Utvål	Møtedato
16/17	Hovudutval for teknisk, landbruk og naturforvaltning	19.05.2017

Søknad om utvida jakttid for elg i januar

Saksframlegg:

Jakttidsforskrifta for perioden frå og med 1. april 2017 til og med 31. mars 2022, gjev at jakttida på elg er frå 25. september til 23. desember. Fylkeskommunen er gjeve myndighet til å innskrenke jakttida, men myndighet til å utvida jakttid etter jul er teke vekk. Dersom ein ynskjer jakttid på elg i januar, må det dispenseserast etter § 7 i den nye jakttidsforskrifta. Link til forskrift av 25.01.2017 nr. 106 om jakt- og fangsttider m.m. <https://lovdata.no/dokument/SF/forskrift/2017-01-25-106?q>

§ 7. Dispensasjon

Miljødirektoratet kan i særlege tilfeller gjøre unntak fra bestemmelsene i denne forskriften.

Nå er det altså Miljødirektoratet som tek avgjersla om jakttid på elg i januar.

Kommunane Vågå, Sel og Nord-Fron har hatt forskriftsfesta utvida jakttid for elg til 31. januar, sidan 2008. Det er ynskje frå rettighetshavarane og administrasjonen om å vidareføre dette med bakgrunn i forvaltningsmessige behov knytt til uttak av trekkande elg til vinterbeiteområda i Murudalsområdet.

Hovudtrekket går føre seg i perioden november-januar, og det er såleis viktig for bestandsplanområda å ha moglegheit til å utvide jakttida, for å kunne redusere vinterbestanden av elg og minske beiteskadane på skog. Med milde haustar og mindre snø før jul verkar trekket å starte seinare og det er derfor vanskeleg å få tatt ut trekkelg før jul. Rådmannen legg betydeleg vekt på anbefalingane frå FAUN naturforvaltning jf. resultata frå elgbeitetakseringane i 2016, samt at sporteljingane av elg ut frå Murudalen viser at det er for stor bestand av elg i forhold til beitegrunnlaget i vinterbeiteområda.

Rådmannen tilrår at Vågå kommune sender felles søknad med Sel og Nord-Fron kommunar om utvida jakttid for elg i januar, og at søknaden gjeld for perioden fom. 1.1.2018 tom. 31.1.2022, jf. jakttidsforskrifta. For Vågå kommune omfattar søknaden Vågå sør bestandsplanområde.

Vurdering:

Grunngjevinga for søknaden om utvida jakttid er behovet for å redusere talet på elg som trekker inn i vinterbeiteområda i Murudalsområdet og vidare nordover, og som bidreg til stort beitepress og skade på foryngingar av skog. Det blir utført årlege sporteljingar av trekkande elg ut frå Murudalen. Våren 2016 blei det telt 694 spor. Talet på trekkande elg har i heile perioden 2000-2016 ligge betydeleg over det talet som reknast som forsvarleg utifrå beitegrunnlaget jf. at dette talet tidlegare er estimert til ca. 300 dyr. Sjå tabell nedanfor med statistikk.

Statistikk utvida jakttid 2000/01 - 2016/17. Trekk Murudalen og uttak desember og januar.

	2000/01	2001/02	2002/03	2003/04	2004/05	2005/06	2006/07	2007/08	2008/09
Trekk ut	639	609	549	536	519	407	494	437	451
Uttak:									
Eldre ku	14	15	5	14	14	0	8		9
Eldre okse	8	12	4	8	5	0	0		2
Åring hann	8	10	0	4	6	0	3	3	2
Kvige	7	5	2	5	7	0	0	1	0
Kalv hann	5	6	3	11	8	0	4		3
Kalv hunn	8	5	2	8	10	0	2		3
Sum	50	53	16	50	50	0	17	4	19

	2009/10	2010/11	2011/12	2012/13	2013/14	2014/15	2015/16	2016/17
Trekk ut	534	414	479	447	561	467	694	
Uttak:								
Eldre ku	13	15	26	22	35	40	6	17
Eldre okse	4	4	8	11	16	14	1	5
Åring hann	4	7	10	19	20	22	5	8
Kvige	5	1	12	7	12	13	6	5
Kalv hann	5	2	9	12	17	15	4	10
Kalv hunn	4	4	8	9	10	13	2	3
Sum	35	35	71	80	110	117	24	48

Rådmannen viser vidare til skogbrukslova § 9: «Der beiting av hjortevilt fører til vesentlege skadar på skog som er under forynging, eller der beitinga er ei vesentleg hindring for å overhalde plikta til å forynge skog etter § 6 i denne lova, skal kommunen som viltorgan vurdere om det er behov for å regulere bestanden av hjortevilt slik at beitetrykket blir redusert».

Ein viser og til viltlova § 1: «Viltet og viltets leveområder skal forvaltes slik at naturens produktivitet og artsrikdom bevares. Innenfor denne ramme kan viltproduksjonen høstes til gode for landbruksnæring og friluftsliv».

Tidspunktet for hovudtrekket av trekkande elg inn til Murudalsområdet er i stor grad bestemt av mengda med snø, og ofte kan det vere lite snø i desember slik at få dyr

er på trekk. Dette gjer at det er nødvendig å ha moglegheit til å ta ein del av uttaket av trekkande elg i januar. Grunngjevinga for bruk av utvida jakttid er å skatte av den trekkande delen av stamma, og då bør utvida jakttid i første rekke leggast til dei områda som er vinterbeiteområde, eller langs trekkvegane inn til vinterbeiteområda.

Ein felles søknad frå kommunane Vågå, Sel og Nord-Fron gjer det nettopp mogleg å gjennomføre uttak i vinterbeiteområda og langs trekkvegane til vinterbeiteområda.

Fron Vest bestandsplanområde gjennomførte elgbeitetakseringar i 2007 og 2011. Takstane viste at det har vore sterk overbeiting over lang tid i Murudalsområdet, men noko betring i perioden 2007-2011. I denne perioden har beiteskadane auka vesentleg lenger nord, spesielt i Langmorkje allmenning i Vågå kommune.

Kommunane Vågå, Sel og Nord-Fron gjennomførte felles beitetakst i vinterbeiteområda sommaren 2016. Taksten vart utført av FAUN naturforvaltning, og det er klare tilrådingar om uttak av trekkelg i våre område. Hovudkonklusjonane frå taksten er referert nedanfor:

«Beitetrykket på de foretrukne indikatorartene for elg (furu, bjørk og ROS) under årets takst er betydelige og hemmer furuforyngelse av tilfredsstillende kvalitet; spesielt i Vågå og dels i Nord-Fron. I tillegg er flere furubestand sterkt preget av tidligere års beiting. Beiteskader på gran forekommer sporadisk.

Bestandskondisjonen har historisk sett holdt seg på et høyt nivå i regionen. Den reduserte kalveproduksjonen de siste årene, uttrykt som kalv per ku og kalv per kalvku, bør imidlertid fremstå som et varselsignal om at bæreevnen til elgbestanden er oversteget. Vi tror at bestandskondisjonen vil avta ytterligere dersom det ikke tas forvaltningsmessige grep på et tidligst mulig stadium. Alle erfaringer fra andre områder tilsier at det er tidkrevende å reversere en negativ trend.

Vi anbefaler at elgstammen reduseres vesentlig, og til et nivå der uttaksprosenten for de kquantitativt viktigste beiteplantene for elg (furu og bjørk) er betydelig under en uttaksprosent på 35 %. Vi anbefaler at jaktinnsatsen intensiveres for alle kommunene, og spesielt i Vågå derbeitetrykket under årets takst var klart størst. I den grad det er mulig bør reduksjonen i elgbestanden rettes mot trekkelg.

Målrettet bestandsplansamarbeid innenfor hele årsleveområdet til elgbestanden bør prioriteres høyt. Det synes likevel klart at den «stedegne» elgbestanden også bør reduseres noe for at beitetrykket og skogskadene skal avta, samtidig som en legger grunnlaget for et bærekraftig beitegrunnlag».

Når det gjeld jaktrettshavarane innafor Oppland hjorteviltregion har desse historisk hatt delte meininger når det gjeld utvida jakttid. Det er kommunane i nord, dvs. Vågå, Sel og Nord-Fron som har store beiteskader pga. trekkande elg til vinterbeiteområda, medan kommunane sørover ikkje har dette problemet. Dette medfører at det ikkje har vore vilje på jaktrettshavarnivå til å få til ein heilskapleg forvaltningspolitikk for elg over større område i Oppland, både i forhold til uttak og profil i uttaket. Då får ein heller ikkje redusert talet på trekkande elg til Murudalen og områda vidare nordover i tilstrekkeleg grad.

Uttak av elg i utvida jakttid, der ein faktisk tek ut trekkande elg når dei er i aktuelt vinterbeiteområde, er det einaste reelle forvaltningsverktøyet jaktrettshavarane har. Vinterjakta har vore mykje diskutert også lokalt, men i dei seinare åra har vinterjakta i stor grad blitt allment akseptert. Det er i alle tre kommunane lagt opp til gode rutinar og praksis for jakta, samt handtering av slakt på ein forsvarleg måte som gjer at ressursane har blitt godt ivaretake.

Rådmannen meiner utvida jakttid for elg i januar skal gjelde i dei delane av kommunen der ein har dokumentert at beitetrykket i vinterbeiteområda er for stort, og kor det er omfattande beiteskadar på ungskog. For Vågå sin del bør utvida jakttid for elg i januar gjelde innan Vågå sør bestandsplanområde.

Rådmannen legg betydeleg vekt på anbefalingane frå FAUN naturforvaltning jf. resultata frå elgbeitetakseringane i 2016, samt at sporteljingane av elg ut frå Murudalen viser at det er for stor bestand av elg i forhold til beitegrunnlaget i vinterbeiteområda.

Ein understrekar at ei ordning med utvida jakttid ikkje må skje på kostnad av tilgangen til småviltjakt og andre samfunns- og friluftsinteresser.

Rådmannens innstilling:

1. Hovudutval for teknisk-, landbruk- og naturforvaltning vedtek at Vågå kommune sender felles søknad med Sel og Nord-Fron kommunar om utvida jakttid for elg i januar.
2. For Vågå kommune omfattar søknaden Vågå sør bestandsplanområde.
3. Søknaden gjeld for perioden fom. 1.1.2018 tom. 31.1.2022, jf. jakttidsforskrifta.
4. Felles søknad frå kommunane Vågå, Sel og Nord-Fron blir sendt til Miljødirektoratet innan utgangen av mai 2017.

Saksprotokoll i Hovudutval for teknisk, landbruk og naturforvaltning - 19.05.2017

Behandling:

Samrøystes.

Vedtak:

1. Hovudutval for teknisk-, landbruk- og naturforvaltning vedtek at Vågå kommune sender felles søknad med Sel og Nord-Fron kommunar om utvida jakttid for elg i januar.
2. For Vågå kommune omfattar søknaden Vågå sør bestandsplanområde.
3. Søknaden gjeld for perioden fom. 1.1.2018 tom. 31.1.2022, jf. jakttidsforskrifta.
4. Felles søknad frå kommunane Vågå, Sel og Nord-Fron blir sendt til Miljødirektoratet innan utgangen av mai 2017.